



Pressemelding fra Møre og Romsdal Venstre 5.mars 2023 -nynorsk

Tema: Fylkesårsmøte 2023, Møre og Romsdal Venstre, 4.-5.3. i Kristiansund
Dato: 05.03.23
Kontakt: Ragnhild Helseth, 95804889, ragn.helseth@gmail.com
Annika Brandal, 40840900, annika.brandal@gmail.com

Krev innovative og smartare kollektivløysingar

Det var stort engasjement blant delegatane på fylkesårsmøtet til Møre og Romsdal Venstre i Kristiansund sist helg. Fylkesvalprogram 2023-2027 vart vedteke, og strategi diskutert føre valkampen til kommune- og fylkestingsvalet til hausten.

Stortingsrepresentant Alfred Bjørlo var ein av fleire sentrale Venstre-profiler som var til stades. Han fekk med seg viktig kunnskap om politikk som opptek Møre og Romsdal Venstre.

Vår topptrio på lista til fylkestingsvalet, Pål Farstad, Lena Landsverk Sande og Frank Stenløs, står klare for å kjempe fram sakene som årsmøtet vedtok. Venstre vil vere pådrivar for politikk som peikar framover, gir fridom og samtidig sikrar at ingen fell utanfor. Sjølv om samferdsle og utdanning tek største del av kaka til fylkeskommunen, så vil Venstre også vere eit talerør for kultur og folkehelse.

Frå vedteke valprogram:

Møre og Romsdal Venstre meinar at fylkeskommunen må vere ein pådrivar for innovasjon og utvikling av betre kollektivtransport, gjennom meir saumlause og smartare løysingar. Særleg for unge og eldre må kollektivtrafikken imøtekome behova som gjeld i dag og framover.

Det vart vedteke tre politiske uttalar som er vedlagt:

- Ny opplæringslov må sikre digital likeverd
- Ekspertutval på ville vegar
- Meir av alt – på lag med framtida i energipolitikken

Med helsing
Ragnhild Helseth
Fylkesleiar
Møre og Romsdal Venstre